Meland kommune

E Sjøstrøm AS
Helleveien 44
5042 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Tore Johan Erstad | 17.07.2018 |
| Vår: 18/1870 - 18/15749 | tore.johan.erstad@meland.kommune.no | |

# Godkjenning - GBNR 52/50 - Utslepp av sanitært avlaupsvatn frå fritidsbustad

**Administrativt vedtak. Saknr: 176/2018**

**SAKSUTGREIING:**

Det er i søknad, journalført motteke 10.07.2018, søkt om utslepp (svartvatn) frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/50 på Kårbøneset.

Gråvassutslepp og tilknyting til kommunalt vassverk blei godkjent gjennom vedtak datert 23.05.2017, arkivsakid 17/1179. Søknad om løyve til oppføring av tilbygg til eksisterande fritidsbustad på eigedomen er godkjent gjennom eige vedtak, sak 177/2018, arkivsakid 18/1870.

Anlegget det er søkt om er eit Jetz anlegg med slamfilter/infiltrasjonstank for gråvatn og komposteringstank for svartvatn. Det skal etablerast 2 separate infiltrasjonsgrøfter. Anlegget krev ikkje tømming med slamsugebil.

Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl §23-1. Det ligg ikkje føre merknader. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i eit område som i kommuneplanen for Meland er avsett til hytteområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Ansvarsrett:

Ansvarsrett og tiltaksklasse i saka går fram av motteken erklæring om ansvarsrett, journalført motteke 10.07.2018.

**VURDERING:**

Anlegget det her er søkt om kan etter administrasjonen si vurdering nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og det ikkje er fare for at infiltrasjonsvatn fører til vanskar for naboar, vasskjelder eller opne vassdrag.

Svartvatnet må ha komposteringstank før infiltrasjonsgrøtfa. Gråvatnet må ha filterløysing eller gråvasstank før infiltrasjonsgrøfta.

Det må etablerast to sepatate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Urinseparerande toalett blir ikkje tillete.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forurensingslova.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring.

Utsleppet det her er søkt om er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/47 på Kårbøneset i samsvar med søknad journalført motteke 10.07.2018 og på følgjande vilkår:

- Svartvatn må ha komposteringstankt før infiltrasjonsgrøfta.
- Det må etablerast to sepatate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatnet ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Eigar av anlegget er ansvarleg at for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Meland kommune gir med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 løyve til etablering av utslepp for eigedomen gbnr 52/47, i samsvar med søknad journalført motteke 10.07.2018.
Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan, journalført 10.07.2018, jf plan- og bygningslova § 29-4. Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendte erklæringar, jf pbl § 23-3.

Vedtaket er gjørt med heimel i Lov om vass- og kloakkavgifter og plan- og bygningslova»

*****

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Faktura på gebyr for sakshandsaming blir ettersendt til tiltakshavar.

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller blir arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablera utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast

Med helsing

| | |
|---|---|
| Anny Bastesen<br>sektorsjef teknisk | Tore Johan Erstad<br>Juridisk rådgjevar |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Kart
Prinsippskisse for gråvann og jets utslipp - Kårbøneset

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Boligsenteret Bergen AS | Ervikveien 70B | 5106 | ØVRE ERVIK |
| E Sjøstrøm AS | Helleveien 44 | 5042 | BERGEN |